



Ann Lisbeth Moen (til venstre) og Andrea Lunde på sykkeltur. Kanskje deltek dei i rebusløpet 1. mai? (Foto: Cathrine Haugland)

Tysdag 1. mai arrangerer Uskedal IL rebusløp rundt dalen med start og mål på Heio og løypa er 5,6 kilometer. Alle er hjarteleg velkomne til å vera med og ein har valet mellom å sykla, gå eller springa, fortel Cathrine Haugland til uskedalen.no.

I fjor var det helst barnefamiliar som deltok, og i år håpar idrettslaget at også andre kjem med, Løpet passar like godt for pensjonistar som for barnefamiliar, Undervegs er det 10 utfordrande oppgåver som ein skal svara på. Svare leverer ein inn ved målgang, og det vert kåra ein vinnar.

Det vert ikkje tidtaking under løpet, så alle kan bruka den tida dei treng. Dei dårlegaste svare på rebusoppgåvene vil ikkje bli offentleggjort, så ingen treng å vegra seg av den grunn.

Idrettslaget håpar på ein flott dag for alle på vegen rundt dalen og etterpå på Heio, der det vil vera kiosksal.

- Det å verta rebusløpmeistarar i Uskedalen bør vera noko som heng litt høgt, seier Catrine og viser til kva dei gjer i nabokommunen Jondal:
- Der har dei hatt ein tradisjon med ein spørjekonkurranse for lag, som dei har kalla "Kven veit?" Å verta meister i den tevlinga i Jondal heng veldig høgt. Kanskje vert rebusløpet her Uskedalen sitt svar på "Kven veit?" i Jondal?